



ROGALAND ARBORET

Årsmelding for 2016

INNHALD

Styret, underutvalg og arbeidsgrupper	s. 3
Representantskapet 2015-2019	s. 4
Representantskapsmøte 02.05.2016	s. 6
Minneord: Sigurd Aarsland	s. 8
Framtidig organisering og utvikling av Arboretet	s. 10
Tilsette og ekstrahjelp	s. 12
Arboretprisen og Magnoliaprisen	s. 13
Dugnad og arbeidshjelp	s. 14
Forskningsrelatert aktivitet:	
Fagkontakt og forskningssamarbeid	s. 16
Formidling og forvaltning:	
– Besøkande	s. 17
– Undervisning og informasjon	s. 17
– Informasjonsprosjektet	s. 17
– Omvisning og orientering	s. 18
– Fugleprosjektet	s. 18
– Sopp og soppkontroll	s. 20
– Flaggermusprosjektet	s. 20
– Generelt plantearbeid	s. 21
– Artssamlinga av Rhododendron	s. 23
– Vegetasjonskontroll	s. 24
– Dammar, vegar, plenar	s. 25
– Rydding og hogst	s. 27
– Flis og ved	s. 28
– Brannvern	s. 28
– Bygningar og anlegg	s. 28
– Bil, maskinar og utstyr	s. 29
– Kontor, administrasjon og andre faglege oppgåver	s. 31
– Planar om nybygg	s. 31
– Diverse	s. 32
– Stiar og vegar i Rogaland Arboret	s. 33
Støtte til Arboretet og bidrag til Arboretfondet	s. 34
Årsberetning 2016 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 36
Resultatrekneskap 2016 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 37
Revisjonsberetning 2016 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 44
Årsberetning 2016 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 46
Resultatrekneskap 2016 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 47
Revisjonsberetning 2016 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 50
Likviditetsbudsjett for 2017	s. 52
Arbeidsplan for 2017	s. 53
Utplanta i 2016	s. 54
Vedtakter for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 60
Vedtakter for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 61
Sponsorside (sjå s. 34-35)	s. 63

Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

Årsmelding for 2016

STYRET

Etter Representantskapsmøtet 02.05.2016 har samansetninga vore slik:

	på val	Vararepresentantar:	på val
Olav Folkvord, styreleiar	2017*)	Lars Helge Strand (1)	2017
Siri Bryne Ringstad, nestleiar	2017	Karin Byre Korneliussen (2)	2017
Gudrun Kristensen	2018	Arnt Mørkesdal (3)	2017
John Lea	2017		
Per Steinar Lothe	2018		
Odd Arild Kvaløy	2017		
Evald Storaas Traa	2018		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

*) Styreleiaren er på val kvart år

Faglig Utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2017
Ellen Tjørnhom Bøe	01.07.2018
Inge Christ	01.07.2017
Anne-Cathrine Scheen	01.07.2018
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

REPRESENTANTSKAPET

20 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Ordførar i Representantskapet	Liv Todnem, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	Sumergo DA
Valkomitè - årleg val	Karen Fosså Handeland, leiar
	Ellen Tjørnhom Bøe
	Hallgeir Langeland

Arbeidsgrupper

Budsjettgruppa: Olav Folkvord, Evald Storaas Traa og John Ivar Lima

Møter

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møte
Faglig Utvalg	4 møte

REPRESENTANTSKAPET

Medlemmer og personlege varamedlemmer 2015-2019

Medlem	Personleg varamedlem
Rogaland Fylkeskommune	
Jan Refsnes	Heidi Bjerga
Kåre Jørgensen	Tore A. Haaland
Stavanger kommune	
Helge Gabrielsen	Nina Ørnes
Hege Blom	Lill Quigstad
Ole Kallelid	Ayan Abdidahir M. Jama
Sandnes kommune	
Jorunn Lura Haaland	Leidulv Harboe
Tore Høy	Nina Eltervåg
Fredrik Hultman Bjørge	Olav Skjørestad
Randaberg kommune	
Ingve Lerang	Elisabeth Klette
Sola kommune	
Arild Fosså	Tor Sigve Risa
Klepp kommune	
Kåre Strand	Kirsten Olafsrud Vestvik
Time kommune	
Lene Sikveland	Oddbjørn Fosse
Gjesdal kommune	
Liv Todnem	Jan Andreassen
Hå kommune	
Svein Høyland	Renate Skretting
Universitetet i Stavanger	
Frode Skarstein	
Arkeologisk museum i Stavanger	
Ellen Tjørnholm Bøe	Lisbeth Prøsch-Danielsen
Skogselskapet i Rogaland	
Gerd Inger Aarnes	Elisabeth Schmidt
Rogaland Botaniske Forening	
Gaute Slaattebræk	Svein Imsland
Hageselskapet Rogaland	
Henry Tendenes	Ole Geir Skjæveland
Stavanger Gartnerforening	
Torhild Bryne Ringstad	



Stevneplassen

REPRESENTANTSKAPSMØTE 02.05.2016

19 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå valkomitéen møtte Karen Fosså Handeland. Frå Styret møtte Siri Bryne Ringstad, Olav Folkvord og Evald Storaas Traa. Frå staben møtte John Ivar Lima.

Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Bjørn Bråtveit.

Konstituering

Som referent blei vald Evald Storaas Traa for første del av møtet, og Ellen Tjørnholm Bøe for siste del. Jorunn Lura Haaland og Jan Refsnes blei valde som medunderskrivarar til protokollen.

Årsmelding, rekneskap og revisormelding blei samrøystes godkjende utan særskilde merknadar.

Under gjennomgangen av årsmeldinga blei det svart på spørsmål og kommentarar fortløpande.

Styreleiaren informerte om at det er gitt byggjeløyve for det planlagte nybygget. Prosjekteringsmidler og hjelp til første fase for framføring av vatn, kloakk og fiber er framskaffa av Sandnes Rotary Klubb og Sandnes Sparebanks gavefond. Det er også gitt godkjenning til planting av bøk i det tidlegare sitkagranfeltet.

Refsnes bemerka at beløpet som Lions Club får inn gjennom dugnadsdriften av kafeteriaen, må synleggjerast betre i årsmeldinga.

Under gjennomgangen av rekneskap og revisjonsmelding blei det spesielt peika på følgjande: Inntektene frå både kafeteriadrifta og utleige har gått opp i 2015, i tillegg til ein gleden rekord for parkeringsinntektene. Den testamentariske gáva er ikkje øymerka eller låst til spesielle formål. Styreleiaren viste til behovet for ei oppgradering av kontorfasilitetar, bibliotek, formidling og dei tilsette sine forhold. Dette understrekar behovet for å realisere eit nybygg. Dette er tenkt skal vere sjølvfinansierande, men kan måtte bli skalert litt ned for å få realisert det. Det blei også minna om at midler frå Arboretfondet kan brukast til eit evt. nybygg. På spørsmål om Arboretvennane, blei det etterlyst eldsjelder som kan blåse liv i og aktivisere potensialet som finst blant desse.

Val

Alle val var i samsvar med valkomitéen sine forslag.

Styremedlemmane Gudrun Kristensen, Per Steinar Lothe og Evald Storaas Traa var på val, og blei samrøystes attvalde for 2 år ved akklamasjon.

Varamedlemmane Lars Helge Strand, Karen Byre Korneliussen og Arnt Mørkesdal var på val, og blei samrøystes attvalde ved akklamasjon.

Olav Folkvord blei samrøystes attvald som styreleiar i 1 år ved akklamasjon.

Revisor. Sumergo DA blei samrøystes attvald som revisor.

Ordførar i Representantskapet. Liv Todnem blei samrøystes vald ved akklamasjon.

Valkomité – 1 år

Karen Fosså Handeland, Hallgeir Langeland og Ellen Tjørnholm Bøe blei samrøystes valde ved akklamasjon. Karen Fosså Handeland blei vald som leiar ved akklamasjon.

Jan Refsnes oppfordra valkomitéen til å foreslå eit medlem frå Lions Club som styremedlem ved neste val.

Budsjett og arbeidsplan for 2016 blei lagde fram til orientering.

Vedtektssending for Arboretfondet etter pålegg frå Stiftelsestilsynet. Representantskapet vedtok samrøystes endringane i vedtektene, slik blei framlagt av Styret.

Leiaren i Representantskapet takka Styret, tilsette og valkomitéen for vel utført arbeid.

Møtet blei avrunda med eit enkelt måltid.



Til minne – Sigurd Aarsland 1931 - 2017

Sigurd Aarsland født 3. august 1931 på Årsland i Hå; død 2. januar 2017, Ganddal

Sigurd Aarsland sin innsats for Rogaland Arboret var ekstraordinær. Hans virke for institusjonen strakk seg over hele 9 år, dvs. i perioden 1999 – 2007. Han ble valgt inn i Styret i 1999, og hadde vervet som styreformann i perioden 2000 – 2006, en oppgave han tok fatt på med største alvor. Sigurd deltok raskt veldig aktivt og nært i å utvikle stiftelsen, både organisatorisk, administrativt og praktisk. Han tilbrakte kolossalt mange timer i anlegget gjennom alle disse årene, og ble på mange måter en av våre faste til daglig. En gjennomgang av timebruken gjennom et år viste hele 1200 timer, noe som virkelig var merkbart på mange plan i de ulike oppgavene han var delaktig i.

Bevisst og stolt av sin oppvekst og yrkesfaglige bakgrunn, var Sigurd genuint interessert i det meste av det som rørte seg i virksomheten Rogaland Arboret.

Han søkte alltid å gjøre seg godt kjent med de mange utfordringene som han stod ovenfor, før han med stor besluttsomhet og iver tok fatt på arbeidet. Grundig, jordnær, reflektert og fokusert som han var, gikk det ikke lenge før han var nært delaktig og ofte dypt involvert i de mange pågående arbeidsoppgavene som lå foran.

Sigurd hadde et stort pågangsmot, var uvanlig driftig og effektiv i det daglige virke, og viste stor besluttsomhet der det krevdes. Hans fabelaktige evne til å håndtere den usedvanlig raske vekslingen mellom krevende kontoroppgaver og tungt fysisk utearbeid imponerte oss alle. Han tok del i mange typer arbeidsoppgaver ute i anlegget, alt fra oppgraving av plantehull til rydding av lauvkratt og utlegging av flis. Med den største tilfredshet kunne han like gjerne stå i kjeleadress på ivrig beising av utebord, som å forberede et styremøte med tunge og komplekse saker.

Hans grønne yrkesbakgrunn, allsidige erfaring og store kontakflate fra samfunnsliv og politikk, var noe Arboretet høstet betydelige goder av. Dette ga seg også raskt utslag i etableringen av nye kontakter og samarbeid med andre grøntfaglige aktører i regionen. Sigurd var vidsynt, han hadde evne til å se de store linjene, samtidig som han viste stor evne til å gjøre strategisk gode grep på mer kortsiktig basis. Han viste også i flere sammenhenger en stor evne til å tenke «utenfor boksen».

Han var svært opptatt av å legge til rette for en utvikling av sentrale oppgaver som er nedfelt i Arboretets vedtekter, nemlig undervisnings- og forskningsaktiviteter. Etableringen av trekantsamarbeidet og opprettelsen av en forskerstilling forteller litt om Sigurd sitt initiativ og potensiale. Han var også sterkt medvirkende i prosessen med utgivelsen av jubileumsboka i 2002. Både informasjons- og undervisningsprosjektene ble opprettet, og utgivelsen av naturfaktaheftet kom også i hans formannstid.

For våre mange besøkende er det nok likevel de fire solide stiene han har bygget med spade og trillebår, som er de mest iøynefallende og imponerende prosjektene han har etterlatt seg. Sigurd Aarsland-stien, Kanalstien, Kjærlighetsstien og Vårstien er alle varige minnesmerker om et menneske med en utrolig arbeidskapasitet, pasjon og en merkbart glede ved å skape noe til fellesskapets beste! Alle disse vakkert beliggende stiene tilsammen utgjør en strekning på hele 812 m. De fleste av oss vil ikke kunne ha forutsetning for å begripe alle timer med hard fysisk innsats, antall spadestikk, trillebårelass og svettedråper som har gått med i dette omfattende manuelle arbeidet som disse stiprosjektene representerer.

I hele denne lange perioden har hans kone Astrid støttet og stått bak Sigurd, og på sin stille og beskjedne måte ofret og lagt til rette for at mannen kunne bruke så mye av deres tid på Arboretet. Dette er vi utrolig takknemlige for og samtidig avkrever det den største respekt.

Vi sitter igjen med et savn av et glødende og engasjert menneske, men føler oss likevel privilegerte som har så mange gode minner om en begivenhetsrik tid vi fikk oppleve sammen.



FRAMTIDIG ORGANISERING OG UTVIKLING AV ARBORETET

HISTORIKK OG STATUS

Samrådsmøte med dei bidragsytande kommunane 12.09.2013

Utgangspunktet for dette møtet var at det skulle vere ei oppfølging av møtet med dei bidragsytande kommunane som fann stad i juni 2011. Håpet frå Arboretet si side var å få på plass ein avtale som kunne sikre ein betre forutsigbarhet, større driftsbidrag og med ei fastsett indeksregulering.

Ut ifrå septembermøtet i 2013 blei det utarbeida eit forslag til felles tekst, og som kunne takast inn i bidragskommunane sine økonomi- og handlingsplanar for 2014 – 2017:

«Primærkommunene som er stiftere i Rogaland Arboret og styret i stiftelsen, avholdt den 12.9.2013 samrådsmøte om fremtidsutsikter for arboretet. Kommunene er enige om at det inngås en 4 årig avtale fom 2014 som håndterer driftstilskuddet, og der det foreslås at Sandnes yter kr 14,- pr innbygger, Stavanger kr 5,- og øvrige kommuner kr 8,-. Det er videre enighet om at det i løpet av avtaleperioden skal utredes og fremmes forslag til fremtidig organisering/eierform for stiftelsen. Den vitenskapelige delen av arboretet må vektlegges her på samme måten som at fortsatt frivillig innsats og samarbeid med andre aktører sikres. Arbeidet ledes av rådmennene».

Oppfølging og forslag til utgreiingsarbeid

Det blei motteke eit brev med notat frå rådmannen i Sandnes året etter, datert 12.09.2014. I dette notatet var det utforma eit forslag frå rådmennene til mandat for utgreiingsarbeid for framtidig organisering og utvikling av Arboretet. Her blei det framsett forslag om å etablere ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe, som skulle få tillagt sine spesifikke oppgåver i prosessen etter nærare fastsett mandat.

I brevet framkom m.a. følgjande:

«Det vil fremgå at Sandnes kommune påtar seg et vesentlig ansvar for gjennomføringen av utredningsoppdraget ved å påta seg leder- og sekretariatsansvaret i arbeidsgruppen. Rådmannen ber om at de øvrige partene utpeker sine representanter til både arbeids- og styringsgruppen. Rådmannen vil deretter innkalle til oppstart av arbeidet. En første oppgave blir da å eventuelt revidere mandatet og utforme et arbeidsprogram m/tidsplan for å få en omforent forståelse av det forestående arbeidet».

I løpet av 2014 blei samansetninga av hhv. styrings- og arbeidsgruppa klar.

Oppnemnde til styringsgruppa blei Per Hanasand, Kolbjørn Sandve, Olav Folkvord, Leidulf Skjørestad og Eli Viten. Oppnemnde til arbeidsgruppa blei Ane Eikehaugen, Kåre Strand, Torgeir Sørensen, Anne-Cathrine Scheen, Thorsten Gotterup og John Ivar Lima.

Utgreiingsarbeidet i 2015

På initiativ frå Sandnes kommune blei det 23.01. innkalt til eit felles oppstartsmøte. På dette møtet blei mandatet forenkla og presisert:

- «Rogaland Arboret's formål og arbeidsoppgaver gjennomgås og oppdateres. Det presiseres at både arboretets funksjon som regionalt friområde og den vitenskapelige delen av driften skal vektlegges.

- Arbeidsoppgaver og grenseflater mot andre aktører bes gjennomgått og vurdert. Botanisk hage er en slik aktør. Også eventuelle andre aktuelle aktører i regionen bes tatt med i utredningsarbeidet.

- Framtidig eierform, organisering, drift og finansiering bes utredet og eventuell endring foreslås.»

Det blei også utforma ein framdriftsplan for det vidare utgreiingsarbeidet. Ramma for dette arbeidet var å kunne presentere ein ferdig rapport innan utgangen av 2016.

Det blei i løpet av året avhalde 8 møte i arbeidsgruppa og 3 fellesmøte med styringsgruppa. Eit kartleggingsarbeid av både Stavanger botaniske hage og Rogaland Arboret har blitt gjort for å kunne gje ein oversikt over økonomi, rekneskap, ressursbruk og fordeling i begge institusjonane.

Vidare blei det vurdert og samanstilt ulike organisasjonsformer, søkt kontakt og det har vore samtalar med potensielt aktuelle samarbeidsaktørar med tanke på moglege framtidige organisasjonsmodellar.

I denne prosessen blei det lagt vekt på å sikre det vidare grunnlaget for ei vitenskapeleg fundert utvikling for begge institusjonane.

Ein uavhengig og fagleg fundert rapport etter vitenskapelege kriteriar, blei på oppdrag utført av Axel Dalberg Poulsen (PhD), f.t. forskar ved Royal Botanic Garden Edinburgh, og tidlegare leiar for Botanisk hage på Tøyen i Oslo.

Hans anbefalingar har sidan blitt nedfelt i planar og prioriteringar for det arboretfaglege utviklingsarbeidet vidare.

Utgreiingsarbeidet og ferdigstilling av rapport i 2016

I løpet av dette året blei det avhaldne 7 møte i arbeidsgruppa og 3 fellesmøte med styringsgruppa.

Fleire potensielle framtidige samarbeidsaktørar har blitt vurderte og samtala med.

Universitetet i Stavanger har peika seg naturleg ut, som har dei fleste felles formål og oppgåver som både Rogaland Arboret og Stavanger botaniske hage.

Vidare har ein vurdert og samanstilt fordelar og ulemper ved ulike organisasjonsmodellar.

I utgreiinga er det framsett forslag til ein finansieringsmodell for å kunne sikre muligheten til å utvikle og heve det vitenskapelige nivået i den vidare fusjoneringsprosessen. Det er også tilrådd ein økonomisk modell for framtidige bidrag.

Utgreiingsarbeidet har munna ut i rapporten «*Botanisk vitensenter - Utredning om framtidig utvikling og organisering av Rogaland Arboret og Stavanger botaniske hage – 2016*».

Utgreiinga konkluderar med å foreslå ei organisering og ein økonomisk modell for ein samanslått institusjon, basert på ein mulighet for å utvikle eit botanisk vitensenter som ein del av Universitetet i Stavanger.

TILSETTE

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.

Olaug Marie Høie, kontoransvarleg. Tilsett 26.03.2001.

Jøran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.

Ågnar Trodahl, fagarbeidar. Tilsett 03.09.2014.

Dariusz (Darek) Gol, maskin- og vedlikehaldsarbeidar. Fast tilsett 01.01.2013.

Endre Hodnefjell, pensjonist og hjelpearbeidar. Hodnefjell blei tilsett 21.10.1985, og nådde pensjonsalderen 29.11.2014. Etter dette har han for det meste arbeidd 35 t / mnd.

EKSTRAHJELP

Ingeborg Oseland, student, vaskehjelp (7,5 t)

Lisabeth Oseland, student, vaskehjelp (40,5 t)

Agathe Sunde, student, vaskehjelp, slutta 11.08. (85,5 t)

Karna-Krestine Hetland, student, vaskehjelp, slutta 20.05. (31,5 t)

Caroline Seldal Isaksen, skoleelev, vaskehjelp, tilsett 04.07. (84 t)

Bozena Monika Gol, sommarhjelp, vaskehjelp, tilsett 25.08. (142,5 t)

Malgorzata Gol, sommarhjelp (60,5 t)

Ingrid Høie Vadla, student, sommarhjelp (181 t)

Solveig Pettersen, student, sommarhjelp (135 t)

Justyna Gol, student, sommarhjelp (217,5 t)

Pawel Filipek, student, sommarhjelp (262,5 t)

Paweo Nawara, ekstrahjelp (30 t)

Sigmund Oseland, student, sommarhjelp (72 t)

Johannes Oseland, student, sommarhjelp (60 t)

Erik Johannesen Bakke, student, sommarhjelp (196 t)



Rhododendron vaseyi

ARBORETPRISEN

Prisen får sitt synlege uttrykk i form av ein liten bronsemodell av inngangsportalen. Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenester.

- | | |
|-----------------------------|--|
| 1990 Sandnes Sparebank | 1997 Esso Norge |
| « Johan Eik | « Kverneland Underhaug |
| « Sjur Svaboe | « Stavanger tekniske fagskole |
| 1991 Torstein Braut | 1998 SpareBank 1 SR-Bank |
| « Arne F. Bryne | 1999 Sven Åsland |
| « Ingebret Folkvord | « Lions Club Sandnes |
| « Tormod Hagen | « Lions Club Sandnes Ganddal |
| « Alf Klingsheim | « Lions Club Sandnes Høyland |
| « Torleiv Todnem | « Lions Club Sandnes Riska |
| « David Vatne | « Lions Club Gjesdal |
| 1992 Einar Biørn-Hansen | 2000 Osmund Nygaard Hove |
| « Jon Gjedebo | 2001 Leif Refsnes |
| « Jonas Nygaard | 2003 Egil Skadberg |
| « Anton Thomsen | 2005 Statskog |
| 1993 Lyse Kraft | 2006 Sigurd Aarsland |
| 1994 Conoco Norway | « Sven Halsne |
| « J.J. og Lars Øglænds fond | 2007 Bjørn A. Stangebye (forgylt
spesialutgåve) |
| 1995 Einar Søndeland | 2013 Magnar Bø |
| « Alf Hansen | « Helge Mattingsdal |

MAGNOLIAPRISEN

Magnoliaprisen blir delt ut til personar som i særleg grad har styrka Rogaland Arboret sitt arbeid med å synleggjere naturmangfaldet, og bidrege til auka kunnskap om og interesse for naturmiljøet. Denne nye utmerkinga har form av ein diplom, utforma av Herborg Kverneland.

- 2009 Tore Randulff Nielsen

DUGNAD OG ARBEIDSHJELP

Lions-klubbane i regionen har heilt sidan 1990 påteke seg ansvaret for kafeteriadrifta i Aktivitetshuset. Det er imponerende at Lions Club på ein slik framifrå måte har klart å følge opp denne aktiviteten, som er eit så viktig tilbod for våre mange besøkande. Ei slik ordning, kvar søndag gjennom heile året, betyr at det blir lagt ned mange dugnadstimar. All denne frivillige innsatsen, kopla med idealisme og velvilje, har også gitt Arboretet sårt tiltrengte og årvisse inntekter. Dette samarbeidet har gjennom alle desse åra vore av stor verdi for Arboretet.

I tillegg har eldsjeler i klubben hatt ansvaret for gjennomføringa av det årlege rullestolløpet «Full Rulle».

Vi har heilt sidan 1985 hatt eit godt og nyttig gjensidig samarbeid med lærarar og elevar frå **Gand videregående skole**. Det betyr faste grupper av elevar på arbeidstrening i Arboretet. Sidan hausten 2009 har elevgruppene vore delte i to, der kvar gruppe har sin dag med nokre timars arbeidsoppgåver. F.o.m. hausten 2015 har det vore Ole Johan Bringedal som har hatt ansvaret for dette opplegget. Saman med kollegaene Toril Laksesvela, Kjersti Robberstad og Rolf Einarsen har dei hatt den fortløpande oppfølginga og ansvaret for elevane. Med litt tilrettelegging i form av utstyr og køyretøy, klarar dei seg utmerkt på eiga hand. Arbeidsoppgåvene har for det meste vore knytta til sal og utkøyring av ved og utlegging av flis på mange av småstiane våre. Dei hjelper oss også med preparering og klargjering av små hotellsåper som tiltak mot rådyr. Dette samarbeidsopplegget er ei bonusordning for oss, men det er kjekt å vite at dette er til gjensidig nytte.

Magnar Bø har også dette året lagt ned mange dugnadstimar med tilsyn av fuglekassane og arbeidet med ringmerking . Dette er verdfulle og interessante bidrag til aktivitetsmangfaldet for naturmiljøet i Arboretet.

Mot slutten av september mottok Arboretet nok ein gong eit stort parti av Rhododendronplanter. Desse plantene fekk vi som gåve frå vår danske fagkontakt og leverandør, **Ruddi Perriard**. Med god hjelp frå 4 velvillige og interesserte medlemmar frå **Rhodo Sør-Vest**, blei plantene spadde opp, flytta og trygt transporterte til Arboretet. Heile dette flytte- og transportoppdraget strekte seg over fleire dagar, og det blei brukt 3 varebilar. **Fjogstad-Hus** stilte med 2 bilar og bekosta heile flytte- og transportprosjektet. **Bertel O. Steen** bidrog i tillegg med fri leige av 1 varebil til transporten.

Frivillige og interesserte i **Sandnes Idrettslag** har også dette året gjort ein stor innsats i gjennomføringa av Arborettrimmen.

I regi av **Sandnes Rotary Klubb** har **John Sverre Frøyland** også dette året gjort ein formidabel dugnadsinnsats i vidareføringa av infrastrukturprosjektet. Han har utført eit nitidig og omfattande koordinerings- og planleggingsarbeid knytta til den første anleggsfasen i dette prosjektet. Første del i dette opplegget vil få sin oppstart ved Sviland og strekke seg oppover i Svilandsholane, mot grensa til Arboretet. Hensikten med dette ambisiøse prosjektet er å få kople Arboretet til det offentlege vatn-, kloakk- og fiberkabelnettet.

Ei gruppe på ca 20 personar frå **ConocoPhillips** stilte til dugnad 9. juni og hjalp til med utlegging av flis på nokre småstiar i granskogen ved dei inste P-plassane.

6. september var det ei gruppe på ca 40 personar frå **Schlumberger** som stilte til dugnad med å dra lauvkratt på det tilgrodde hogstfeltet som skal bli eit framtidig bøkefelt.

Tore R. Nielsen er idémakaren bak den nye og dekorative bordkortserien vår. Vi er heldige som har slike ressurspersonar som stiller opp gratis og formidlar kunnskap og naturglede til våre mange besøkande.

Einar Egeland har fritt og velvillig bidrege med layoutfagleg kompetanse og gjort sitt til at kortserien framstår så tiltalande.



Rhododendron rex subsp. fictolacteum

FORSKINGSRELATERT AKTIVITET

FAGKONTAKT OG FORSKINGSSAMARBEID

Tilvekst og utvikling i restmaterialet av lindeplantene som er knytta til Lindeprosjektet blei ikkje som forventa, og utplantingane har difor blitt utsette. I dette materialet inngår ca 162 planter, fordelt på 73 nummererte klonar. Dette villmaterialet er samla inn frå 6 ulike lokalitetar i Norge, frå fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Telemark. Det er avsett eit betydeleg areal til dette prosjektet, som er lokalisert i det nye området som blei tillagt i 2012, og som grensar til Melshei og Myklebust. Dei første plantingane kom i gang i 2015 og 37 nye planter blei utplasserte i 2016.

Gjennom samarbeidet med Stavanger botaniske hage har vi m.a. fordelene av å kunne dele på driftskostnadane for hagedatabasen IrisBG. Databasen er lokalisert på Stavanger kommune sin dataservert, der vi har tilgang via ekstern pålogging.

Arboretet deltek også i eit internasjonalt samarbeid om utveksling av frø. Det blir utarbeidd ei felles frøliste, Index Seminum, for både Stavanger botaniske hage og Rogaland Arboret. Ved dette samarbeidet får vi også avlastning ved at administrasjon, pakking og utsending av frø skjer i og frå Stavanger botaniske hage. Frølista blir gjort tilgjengeleg via heimesida vår. Av frølista for dette året, Index Seminum 2016, blei det tidleg på året sendt ut 249 frøposar som var innsamla i Rogaland Arboret, fordelt på 40 artar.

Det er interessant at vi kan tilby frømateriale av to raudlista artar som begge er viltveksande i Arboretet, fagerrogn (*Sorbus meinichii*) og sørlandsasal (*S. subsimilis*).

Samarbeidsavtalen som tidlegare blei inngått mellom Arkeologisk museum-UiS og Stavanger kommune om ei delt forskarstilling, blei avslutta i 2013. Konsekvensen av dette var at viktige dokumentasjons- og formidlingsoppgåver måtte settast til sides.

Med mål om raskt å kunne få kompensert litt ved bortfallet av denne stillinga, inngjekk Arboretet ein avtale på konsulentbasis med botanikar Hanne Hegre Grundt f.o.m. desember 2014. Hensikten var å sikre seg ein person med solid og relevant vitenskapleg kompetanse, og som skulle kunne ivareta ein del av dei høgast prioriterte dokumentasjons- og formidlingsoppgåvene. Hegre Grundt har doktorgrad i systematisk botanikk frå UiO, driv enkeltforetaket FlowerPower, og har ei allsidig erfaring med informasjons- og formidlingsarbeid innanfor botanikkfaget.

I løpet av dette året blei det utført viktige dokumentasjonsoppgåver knytta til hagedatabasen IrisBG. Det betyr i hovudsak aksjesjonsføring og digitalisering av tilgjengelege planteopplysningar, som er arkiverte enten i papirformat eller på digitale lister. I tillegg har ho arbeidd med utkast til plakatinformasjon for artssamlinga av *Rhododendron*.

Arbeidet med å utvikle artssamlinga av *Rhododendron* har gjort eit godt byks også i 2016. Vi mottok dette året totalt 70 planter, gratis frå vår kontakt og leverandør i Danmark, Ruddi Perriard. Mange av dei ankomne plantene var store og velutvikla, og viste såleis godt igjen i feltet. I artsfeltet er det så langt plassert ut over 140 ulike artar og varietetar. Av plasshensyn er dei fleste av artane representerte med kun eitt eller få eksemplar. Av spesielt interessante og utvalde artar kan det likevel finnast fleire individ av ulikt opphav.

Ruddi Perriard har mange reiser og innsamlingsekspedisjonar bak seg, spesielt i den botanisk artsrike Yunnan-provinsen i Kina. Han har sjølv bygt opp ei stor og interessant plantesamling av materiale frå desse reisene. Perriard innehar mykje kunnskap om *Rhododendron*-slekta

i sitt naturlege miljø, og har eit stort kontaktnett. Han har vist stor generøsitet og spesiell interesse i å bidra til å bygge opp ei spennande og representativ villartssamling i Rogaland Arboret.

Saman med Olga Nese, Oddbjørn Fosse, Ester og Ruddi Perriard, fekk Lima tilbod og privilegiet til å delta på ein studietur til kjerneområdet for *Rhododendron*, nemleg den ekstremt artsrike Yunnan-provinsen i SV-Kina. Styret stilte midler til disposisjon, som gjorde at han kunne delta på denne utfordrande, men fagleg innhaldsrike og interessante reisa.

FORMIDLING OG FORVALTNING

BESØKANDE

For å kunne skaffe oss betre oversikt og forsterke berekningsgrunnlaget, blei det utført teljing av antal bilar gjennom heile året 2016. Desse registreringane tyder på at tidlegare anslag har vore litt underestimerte. Teljingane som blei gjort dette året viste 44.077 registrerte bilar.

Vi meiner å ha belegg for å hevde at besøkstalet på grunnlag av denne registreringa, med eit relativt moderat anslag, faktisk viser over 123.000 besøkande personar!

Busslaster med personar og grupper av personar som jamnleg besøker Arboretet via alternative innfartsårer, er tilleggsfaktorar som underbygger dette besøksanslaget.

Vel vitande om dei mindre og alternative innfartsårene, spesielt frå Myklabust- og Melsheimområdet, skulle vi gjerne ha fått registrert kor stor andel denne gruppa av besøkande utgjer.

UNDERVISNING OG INFORMASJON

Det har blitt informert på heimesida om ulike aktivitetar gjennom året. Elles blir det opplyst om at området som læringsarena, med tilhøyrande undervisningsutstyr, står til disposisjon for skular som måtte vere interesserte. Her har lærarar og elevar fri tilgang til «naturens egen skolestue».

Det blei ikkje arrangert lærarkurs dette året. Vi har i lengre tid hatt planar om å kunne utvikle eit spesialtilpassa undervisningsopplegg, spesielt innanfor temaet norske treslag.

INFORMASJONSPROSJEKTET

Det er eit uttalt mål å styrke det generelle informasjonsarbeidet i Arboretet.

I løpet av året blei det utført ein del grunnlagsarbeid som er knytta til to planlagte informasjonstavler for Artssamlinga for *Rhododendron*. Dette vil bli dei første i ein serie informasjonstavler som er tenkt plassert ut ved dei viktigaste plantefelta rundt omkring i Arboretet.

Prioriterte oppgåver som ligg i løypa er utarbeiding av informasjonstavler, oppgradering av kartbasen, utarbeiding av undervisningsopplegg knytta til norske treslag, og oppgradering av naturstiar.

Forøvreg har vi planar om å få installert det nettbaserte infoverktøyet Hageutforskeren (Garden Explorer). Dette er ein tilleggsmodul til den allereie etablerte hagedatabasen vår, IrisBG. Villartssamlinga av *Rhododendron* er ei prioritert plantegruppe som første steg inn i denne moderne og pulikumsvennlige «informasjonskanalen». Det vil bli søkt om økonomisk støtte til dette prosjektet.

Vi har dessverre ikkje makta å følge opp arbeidet med oppgraderinga av den digitale kartbasen. Sjølv om vi er avhengige av ekstern kartfagleg bistand, er likevel prosjektet på mange måtar avhengig av vår eigen evne og kapasitet til å kunne følge dette opp fortløpande gjennom den foreståande tilpasnings- og konverteringsprosessen. Det vil definitivt vere ei stor utfordring å få avsett nok tid til dette blant alle dei andre oppgåvene som krev sin del av oss, spesielt med tanke på det vidare digitaliseringsarbeidet knytta til hagedatabasen IrisBG og dei oppgåvene vi har angåande registrering, inventering og etikettering.

Det har vore gledeleg å konstatere at vedlikehaldet på den etablerte naturstien (10 postar) rundt Skittjørn har vore mindre enn det vi forventa.

OMVISNING OG ORIENTERING

08.06. Representantar frå Statskog	Omvisning	Oseland
10.06. Gruppe frå Canon Business Center Stvgr.	Omvisning	Oseland
16.06. Gruppe frå Frivillige tiltak i landbruket	Omvisning	Oseland
16.06. Gjesdal bygdekvinnelag	Orientering	Osleand
22.06. Gruppe frå Landbrukskontoret i Ringsaker	Omvisning	Lima
06.09. Gruppe frå Schlumberger	Omvisning	Oseland
19.09. Elevar på mellomtrinnet frå Kvitsøy skole	Omvisning	Lima

FUGLEPROSJEKTET

I 1978 blei det hengt opp 24 fuglekassar rundt om i Arboretet. Av hensyn til dei mange andre oppgåvene som måtte prioriterast, kunne ikkje personalet drive oppfølging av desse. Registreringane blei i denne perioden difor litt tilfeldige. Dei fleste av desse kassane var nok helst borte då «Fugleprosjektet» kom i gang i 1991.

Preparant Odd Låtun ved Stavanger Museum, tok initiativet til å få produsert og hengt opp heile 88 fuglekassar. Odd Carlsson og Jim Lea tok seg av oppfølginga av desse, og Magnar Bø hadde frå starten av ansvaret for ringmerkinga.

Talet på fuglekassar som har hengt oppe, har variert litt gjennom åra. I 1994 var talet på 141 kassar. I 2006-sesongen hang det oppe ca 125 kassar.

F.o.m. 2009 har elevar frå Gand vgs. bidrege med å produsere nye kassar til prosjektet, slik at ein har fått skifta ut dei dårlegaste kassane etterkvart. I 2016 hang det oppe ca 130 kassar. Det blir årleg lagt ned mange dugnadstimar i dette prosjektet.

Ansvarleg for prosjektet er Magnar Bø.

Ringmerking i Rogaland Arboret 2016

ART	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
Rødvingetrost	3	-	3
Svartkvit fluesnapper	93	1	94
Kjøttmeis	217	-	217
Svartmeis	44	-	44
Blåmeis	81	-	81
Spettmeis	6	-	6
Stær	49	-	49
Totalt 7 arter	493	1	494

Oppsummering av ringmerka fugl i Rogaland Arboret 1991 – 2016

ÅR	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
1991 – 1992			509
1993	440	81	521
1994	439	197	636
1995	427	175	602
1996	572	40	612
1997	504	16	520
1998	239	30	269
1999	324	28	352
2000	212	1	213
2001	121	25	146
2002	188	4	192
2003	102	3	105
2004	208	142	350
2005	268	416	684
2006	371	289	660
2007	443	253	696
2008	293	373	666
2009	366	209	575
2010	466	162	628
2011	471	134	605
2012	300	122	422
2013	400	21	421
2014	489	2	491
2015	386	68	454
2016	493	1	494
TOTALT			11823

Fordelinga mellom aldersgruppene i perioden 1991 – 1992 har vi dessverre ikkje oversikt over.

Totalt er det ringmerka 11.823 individ i perioden 1991 – 2016, fordelt på 43 artar.

Pr. 31.12.2016 er det observert totalt 128 artar i Arboretet.

Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan skaffast ved kontakt med kontoret.

Andre observasjonar

Svartspetten har vore registrert som ein årviss gjest i Arboretet utover hausten og vinteren sidan 1999. Denne høglydde fuglen er mest å høyre i gamleskogen Gløersens Minne. Kjernebiter blei observert fleire gonger. Andre interessante observasjonar dette året var brunnakke og bøksanger.

SOPP OG SOPPKONTROLL

Dei første listene over registrert sopp i Arboretet blei førde i 1994, og sjølv om vi ikkje har gått systematisk til verks med dette arbeidet, er det fram til idag registrert totalt 187 artar her. Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan skaffast ved kontakt med kontoret.

Informasjon, kurs, utstillingar og andre aktivitetar knytta til sopp i Arboretet, skjer ved frivillig innsats av medlemmar i foreninga Jærsoppen.

På vårparten blei det halde soppkurs for vidarekomne og for dei som skulle ta eksamen for soppsakkyndige. I september blei det avhalde eksamen og i alt 8 kandidatar besto.

Det blei gjennomført 6 soppkontrollar denne hausten. Ca 142 korger blei kontrollert, og det blei funne giftsopp i 31 av desse.

Jærsoppen markerte «Soppens dag» 4. september, med utvida soppkontroll, utstilling, smaksprøver og informasjon.

Soppesongen starta bra, men med vind og høg temperatur i september, tørka mykje av soppene inn. Seinare utpå hausten blei det likevel ein slags brukbar ettersesong.

FLAGGERMUSPROSJEKTET

Bakgrunn

I 1990 startet Stavanger museum et fuglekasseprosjekt i samarbeid med NOF avd. Rogaland. Både i 1992 og 1993 var en fuglekasse bebodd av flaggermus. 3 kasser var i bruk av flaggermus både i 1994 og 1995.

I juli 1994 ble Rogaland Arboret besøkt av Leif Gjerde fra Nordre Øyeren Biologiske Stasjon (NØBI). I forbindelse med et kartleggingsprosjekt på Jæren hadde Gjerde fått tips fra Bjørn A. Stangebye om flaggermus i loftet på hytta. Arboretet ble derfor besøkt av Gjerde hvor Stangebye ga en omvisning i området. I forbindelse med dette nevnte Stangebye at enkelte fuglekasser ble besøkt av flaggermus. I et brev den 18. mars 1995 foreslo derfor Gjerde at det kunne settes opp spesialkasser for flaggermus. Først 2 år senere (31.01.1997) ringte Stangebye Gjerde for å diskutere et mulig kasseprosjekt for flaggermus i Arboretet. Således ble det sommeren og høsten 1997 hengt opp 36 flaggermuskasser i Arboretet. I 1998 ble alle kassene kontrollert 3 ganger. Da hadde allerede 11 av disse kassene spor av flaggermus. Med opprettelsen av Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF) i 1997, har personer fra NIFF gradvis overtatt prosjektet. I dag er det Leif Gjerde som koordinerer prosjektet. Siden er flere nye og egenkonstruerte kassetypen blitt testet i Arboretet. 4 betongkasser konstruert av Denyer har hengt oppe i flere år. I 2007 ble det hengt opp 12 nye trekasser (på 6 trær), konstruert av Gjerde.

Prosjektansvarleg er Leif Gjerde, **Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus** (NIFF).

Arbeid og status 2016

Kassene i Arboretet ble undersøkt av Leif Gjerde to ganger dette året, den 4. april og 6. juli. Ved første besøk hadde bygningen 6 pipistreller. Dessverre gikk feltdagboka tapt i august, så det finnes ingen detaljer om kassene dette året.

Fenologistudier ble påbegynt for første gang i 2016, noe vi håper å fortsette med årlig. Se avsnitt nedenfor.

Ellers ble NIFF sine hjemmesider om flaggermusarbeidet ved Arboretet oppdatert og gjort ferdig. Mer informasjon om arbeidet i Arboretet kan leses på www.flaggermus.no/fl_kasser

Fenologistudier 2016

Dette dreier seg om overvåking av flaggermusenes flyveaktivitet (jakt på insekter) i relasjon til vårens framskritt, påvirket av de lokale værforholdene. En detektor blir utplassert rett før sesongstart og står til slutten av mai. Den registrerer automatisk hver kveld fra 45 minutter etter solnedgang og de påfølgende tre timene når det er varmest på kvelden og aktiviteten er på sitt høyeste. Detektoren vil også kunne registrere sjeldne arter som ellers vanskelig lar seg påvise. Utplasseringen er en del av fenologistudiene til NIFF i Skandinavia, der det bl.a. også er utplassert en detektor ved Lille Stokkavatnet i Stavanger.

En AnaBat Express detektor ble utplassert ved Skittjørn den 4. april. Av foreløpig ukjente årsaker sluttet denne å virke den 12. april. Detektoren ved Lille Stokkavatnet vil derfor alene fortelle om Jærens våreaktivitet denne sesongen. Dog viste detektoren ved Skittjørn aktivitet av pygmépipistrell (*Pipistrellus pygmaeus*) ved 6 av 9 netter. Det foregikk mye kurtise av denne arten, som er den vanligste i Arboretet. Arten båndpipistrell (*Pipistrellus pipistrellus*) ble registrert med kun ett individ den 10. og 12. april. Arten ble observert første gang i 2013, så dette er henholdsvis andre og tredje gang denne arten er registrert i Arboretet.

GENERELT PLANTEARBEID

Det årlege vedlikeholdsarbeidet som gjeld tiltak mot rådyr, kalking, gjødsling, luking, grasslått, oppstamming, beskjæring, rydding, generelt plantevern, og hogst med etterfølgjande fliskutting, har for det aller meste blitt utført fortløpande gjennom året som tidlegare år.

Med mål om å få betre kontroll med vegetasjonen i ulike problemområde, blei grasslåtten og ugrasarbeidet tidvis intensivert litt ift. tidlegare.

Ca 1.500 stk spesialpreparerte hotellsåper blei hengde opp utpå våren som tiltak for å hindre feieskader av rådyr på dei minste og mest utsette plantene rundt om i anlegget.

Det blei også dette året spreia ut 3.000 kg beinmjølbasert gjødsl (Marihøne+ 8-4-5). Denne blir fordelt ut for hand rundt omkring i heile Arboretet, og er ein rimeleg fysisk krevjande jobb.

Plenflatene har ikkje blitt gjødsla, men kun enkeltplantene som er plasserte der. Vi brukar ikkje oppsamlar under klyppinga, slik at vi får tilbakeført næringa til plengraset.

Tidleg på året blei det også spreia ut kalk rundt omkring i ulike plantefelt. 1.200 kg granulert dolomittmjøl blei fordelt ut på Bøkefeltet, Syrinfeltet, Barlindfeltet og Lindfeltet. I tillegg blei det kalka på eit utval planter i områda ved P-plassane, i feltet for Norske treslag og i områda ved Grevlingveien, Alléen, Madammen, Via Bella / Fossedammen, Tverrgangen og Blåbærstien.

I Skjermtrerefeltet, mellom Maurstien og Alléen, har det blitt supplert med litt nytt plantemateriale, etter tidlegare utgang.

I samband med Mattilsynet sin aksjon med prøvetaking for å undersøke forekomsten av skadegjeraren *Phytophthora ramorum* i *Rhododendron*-plantingar, blei det heldigvis kun påvist éin positiv prøve. Den angrepne planta, inkl. røtene, og dei næraste nabobuskane, blei fjerna og brende.

Denne skadeorganismen har ein stor likskap med sopp (pseudosopp), og kan inneha eit stort og øydeleggjande skadepotensiale om ein ikkje tek trusselen på alvor. Ei rekkje planteslag står på menyen hos denne skadegjeraren, noko som forsterkar trusselnivået ytterlegare.

I juletrerefeltet blei det ikkje registrert spesielle lusproblem i nordmannsedelgrana. Dette er skadegjerarar som likevel raskt kan blusse opp i antal og spreie seg raskt. Nokre av dei mest svaklege og retarderte plantene blei fjerna, og der enkelte kunne vise litt sporadiske symptom på litt nærvær av lus.

Ein annan trussel mot fleire av edelgranartane våre er skadesoppen *Neonectria neomacrospora*, «edelgrankreft». I løpet av dei første åra denne skadegjeraren blei påvist i området, viste det seg at særleg koloradoedelgrana (*Abies concolor*) var lett mottakeleg. Sannsynlegvis var det også denne soppen som tok livet av ei stor og flott spansk edelgran



Rhododendron roxieanum Globigerum Group

(*Abies pinsapo* 'Kelleriis') ved Madammen. Det skal visstnok vere fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) som er den mest mottakelege av artane.

Det har vore eit stort tap for oss å miste fleire verdfulle edelgraner, særleg i området ved Stangebyehaugen / Øvre Dam. Truleg er fleire av edelgranartane i samlinga mottakelege for denne skadegjeraren, og vi må stadig vere på vakt ift. symptom hos nye tre.

Vinteren var jamnt over ganske mild, med unntak av ein kuldeperiode dei 3 første vekene i januar. I slutten av denne perioden målte vi ÷ 15°C som lågaste temperatur dette året (20. – 21.01.).

Kraftig vind 29. januar førte til vindfall på ulike plassar, og gjorde det farleg å bevege seg ute i skogen denne dagen.

Den rimeleg samanhengande milde ettervinteren, gjorde sitt til at våren kom ganske tidleg.

April hadde med seg ein kjøleg vrétype, men heldigvis ikkje kaldare enn at det positivt virka forlengande på vårblostringsperioden.

Om morgonen 11. august opplevde vi rim og isdråpar på grasflatene. Kontrasten til dette blei den varme perioden som inntraff i september og oktober, som resulterte i varierende grad av haustbløming hos ei rekkje artar av *Rhododendron*.

Det blei elles utført vinterdekking med granbar på eit utval mindre hardføre planteslag rundt omkring i Arboretet. I Rhododendrondalen blei alle nyplantingane i artssamlinga dekkta til, i tillegg til ei lett dekking i alpinfeltet.

Artssamlinga av Rhododendron

I løpet av dette året blei det tillagt over 80 nye planter til denne samlinga.

Vi var elles så heldige å få oppleve ein uvanleg tørr og fin haustperiode i slutten av september til midten av oktober. Dette gjorde at vi fekk ypperlege forhold under oppgravings- og prepareringsarbeidet for dei mange Rhododendronplantene som ankom i september.

Blåtoppgraset dannar veldig seige og tjukke torver, og er krevjande å trenge gjennom med spade. Fordelen med desse torvene er at dei kan vere gode å ty til for plastring og oppbygging rundt plantehøla i eit skrånande terreng. Det finst mykje stein i grunnen her. Mange av desse blir fjerna for å gje god plass til passande dyrkingsmedium. For å sikre eit passande stort jordvolum rundt rotklumpene, må vi i tillegg ofte fjerne ein del seige og tjukke fururøter.

Naturjorda og fingrusen som finst på plassen blir for det meste brukt og blanda saman med passende mengde innkjøpt grov naturtorv. Etter behov blir det også supplert med passende mengde god sekkejord.

Lyngvekstar som nabovegetasjon til *Rhododendron* er på mange måtar det optimale, både estetisk og kulturmessig.

Tyngre, røffare og meir markslitande kultivering og opparbeiding ville her raskt ha ført til ei drastisk endring av markfloraen, der ulike grasartar ville ha dominert feltsjiktet.

Lyngvekstane toler mindre av slik markslitasje og maskinkomprimering.

Difor er det så viktig i dette feltet å leggje til rette for ein kultiveringsform som tilgodeser nettopp lyngvekstane, og som sikrar at desse får utvikle seg på bekostning av den potent ekspansive grasvegetasjonen. For å kunne oppnå ein mest mogleg kontroll på dette, blir difor plantinga her utført manuelt.

Erfaringar frå andre liknande nyrødde område, viser at fleire grasartar veldig raskt blir det dominerande vegetasjonsdekket.

Det årlege vedlikehaldsarbeidet i dette området dei siste tre åra har difor vore ei bevisst luking av grastuer og fjerning av frøaks nærast Rhododendron-plantene. I kombinasjon med selektiv graskutting vha. ryddesag i dei meir opne delane av feltet oppnår vi ei viss kontroll med grasvegetasjonen. På denne måten får vi også lagt betre tilrette for at lyngvekstane kan ekspandere betre og utvikle seg utan så sterk konkurranse frå grasvekstane.

Langs nabostiar og i tilgrensande område veks det også andre ekspansive grasartar, som lett vil kunne spreie seg utover og etablere nye konkurransekraftige bestandar i dette lett påvirkelege området.

Øvst oppe i dette området, har vi samla alle småartane. Her finst det spesialiserte alpinfeltet, som består av opphøgde bed, steinlødde kantar og torvblokker. Ei slik oppbygging og avgrensing forenkler dyrkinga og sikrar best desse sårbare småvekstane.

Vi er likevel veldig spente på kva som vil skje her etter som tida går med aukande ferdsel og tråkk i denne delen av Rhododendron-dalen. Desse små plantene er særst sårbare for tråkkskadar. Fristelsen kan vere stor for ungane til å hoppe opp på steinane og vidare innover i beda og skade desse skjøre plantene.

I dette området er det særst viktig at alle foreldra har kontroll og følgjer med på kva ungane held på med!

Det blei utført supplerande etikettering i utplanta *Rhododendron* og i det utplanta lindematerialet.

Dette året blei det registrert ca 90 nye aksjesjonar, dvs. innkome plantemateriale. Det registrerte plantemateriale kjem frå følgjande leverandørar:

Ruddi Perriard, Danmark; Ole Jonny Larsen; Reidar Vigrestad; Europris Ålgård; Else og Odd Isaksen; Hove Plantesalg

Vegetasjonskontrollerande tiltak

Tidleg på året fekk vi endeleg ei form for avklaring på betinga og avgrensa bruk av det rydda sitkagranfeltet ved Aktivitetshuset. Dette betydde at vi, sterkt forsinka, endeleg kunne ta fatt på arbeidet med å rydde i dette sterkt tilgrodde området. Tett og høgt gras, geiterams, bringebær og høgt lauvkratt talar sitt tydelege språk om ei kraftig tilgroing i etterkant av hogsten i 2011.

Dette arealet er etter arealdisponeringsplanen avsett til ekspansjonsområde for Bøkefeltet. Utover sommaren blei det i store delar av feltet fjerna betydelege mengder med lauvkratt. For å minske risikoen for nytt oppslag, blei det her rydda i form av kombinasjonen rotkutting og draging. Målet med denne ekstra innsatsen er å legge til rette for eit framtidig vedlikehaldsprogram med aktiv bruk av ryddesag for å halde vegetasjonen nede. Feltet er stort, og det vil vere ressurskrevjande å halde vedlike.

Dette året blei det forsøkt med ulike tiltak ift. ulike problemugras, spesielt mot løvetann. Ein god del manuell innsats blei gjort med å fjerne planter og frøstandar i tettare bestandar for å dempe spreinga. Det blei elles supplert med selektiv sprøyting mot dette problemugraset, for å dempe utviklinga og frøspreinga hos denne brysame arten. Det blei elles i begrensa omfang utført selektiv kjemisk behandling av nokre andre problemartar, spesielt strandrøyr og skvallerkål.

Det er likevel den mekaniske og manuelle ugraskampen som er det dominerande tiltaket vi nyttar i det vegetasjonskontrollerande arbeidet.

I området ovanfor Fossedammen, dvs. i det tidlegare hogstfeltet som grensar til Myklabustveien og Melshei-området, foregår det også kraftig gjengroing. I denne tette og grasrike vegetasjonen finn vi brysame og ekspansive artar som t.d. lyssiv, knappsviv, høymole, strandrøyr, tistel og raudhyll. Her blei det brukt litt tid på luking og fjerning av frøstandar for å hindre ei ukontrollert og vidare spreiring. Slike tiltak på eit tidleg stadium viser seg svært ofte å vere ei god investering på lengre sikt.

Det er alltid ei stor oppmuntring i ugraskampen å sjå at slik innsats faktisk gjev ein god effekt ved å følgje utviklinga frå år til år.

I arbeidet med å halde grasvegetasjonen nede i dei mest trafikkerte områda, har vi hatt minst 2 ryddesager i drift gjennom det meste av vekstsesonen.

Ryddesaga kan dessverre også vere ein effektiv «frøspreiingsmaskin». Difor prøver vi å vere bevisste på å fjerne frøstandane på problemugas i slike felt før ein går laus på vegetasjonen med ryddesaga.

I dette arbeidet har vi også hatt stor nytte av «lettutgåva» av ryddesaga, nemleg grastrimmaren. Denne gjev oss større fleksibilitet og kontroll med vegetasjon som står trongt innimellom buskplantingane. Vi har særleg stor nytte av slikt lett utstyr i spreidde område som krev større mobilitet og hyppig ryddefrekvens.

Ved å auke litt på aksjonsradiusen for plenklypparen, nådde vi over fleire nye perifere område, som tidlegare kun blei friserte i færre omgangar av ryddesaga.

Ein del av lukearbeidet i sommarsesonen består også i manuell rydding av bringebær, bjørnebær og geiterams, spesielt innimellom grupper av buskar og tre.

Utfordringane er store der fleirårige ugras har fått etablert seg i vide, tettplanta område, og i felt med buskvekstar som har liten dekkevne. Minstemålet i slike felt er å prøve å dempe oppslaget, begrense høgda og frøspreinga på ugraset.

Løvetann, vassarve og groblad har spreidd seg vidt utover, og har fått godt fotfeste mange stader. Andre brysame artar som har krevd ein del innsats gjennom sesongen, er åkersnelle, skvallerkål, hundekjeks, høymole, svineblom, hundegras, landøyda, lyssiv, knappsviv og tistel.

Det årlege selektive lukearbeidet hjelper oss i å kunne oppretthalde eit visst nivå av motstand mot fri spreiring, dominans og overgroing av typiske problemartar. For fleire av artane viser det seg at ein årleg gjennomført manuell bekjemping på rett tidspunkt i sesongen, vil vere veldig effektivt og som gjev oss gevinst over tid. Den årlege målretta lukeinnsatsen i sommarsesonen er difor svært viktig i ugraskampen.

Dammar, vegar og plenar

Det blei også dette året brukt litt tid på supplerande fjerning av gjenståande planter av skunkkala (*Lysichiton americanus*). Rotsystemet hos denne sumpplanta er både djupt og kraftig, og framleis dukkar det opp skot som har spirt opp frå gjenståande rotstokkar etter tidlegare års oppgravingsarbeid.

Under nøye sesongmessig tilsyn har vi valt å la det stå igjen planter av arten i Fiskedammen, i Grevlingmyra ved Myrstien, i Madammen og i Nedre Dam. Plantene er særprega og veldig karakteristiske, med sine gule, kala-liknande blomar som dukkar opp tidleg på våren. Alle frøkolbane blir nøye fjerna frå dei gjenståande plantene kvart år, slik at vi unngår vidare spreiring av arten lenger nedover i vassdraget.

Tilgroinga av dammane, særleg i Madammen og Øvre Dam, gjer seg sterkt gjeldande. I Øvre Dam framstår den vakre nøkkeroseliknande arten sjøgull (*Nymphoides peltata*) som spesielt dominerande, og utgjer eit stort gjengroingsproblem. Den har dessverre vist seg vanskeleg å halde i sjakk med lusing, ettersom stilkane brotnar lett, og røtene lett blir ståande fast på djupare vatn. Arten viser heilt klart invasive eigenskaper.

Vi hadde planar om å tømme denne store dammen for å prøve å grave vekk mudderlaget i botnen og langs kantane, for å bli kvitt rotsystemet.

Arbeidsmengda i den aktuelle perioden av året, gjorde sitt til at vi ikkje hadde ressursar og tid til å utføre denne krevjande oppgåva.

I Nedre Dam er dessverre denne arten i full frammarsj igjen, etter ein tilsynelatande vellukka lukeaksjon for fleire år sidan.

I Fiskedammen blei det reinska i mykje vassplanter, der vassgro (*Alisma plantago-aquatica*) var ein av dei mest dominerande artane. Med sine rikt forgreina og slambindande rotklumpar, oppnår vi trass alt ein bra tilleggsgevinst med alt slammet som følgjer med til lands under dette lukearbeidet.

Vi har elles store utfordringar når det gjeld problemet med lekkasje rundt utløpsrennene til fleire av dammane våre, særleg i Øvre Dam, Nedre Dam og Madammen. I tillegg er det lekkasjar både i Eikedammen og langs bekkeløpet nedanfor Fossedammen. Vi har ikkje hatt kapasitet eller ressursar nok å avsjå til eit slikt omfattande reparasjonsarbeid. Her har det følgjeleg blitt eit stort og aukande etterslep, og kun akutte lettare reparasjonar har blitt utført.

Vi har stadig store utfordringar ift. infrastrukturen på bruket.

Eit rasjonelt og effektivt vedlikehald i eit område som dekker 700 daa, krev eit godt opparbeida nettverk av framkommelege veggar og stiar. Det betyr at hovudvegnettet må tole ei viss trafikkbelastning av bilar, traktorar og tyngre maskinar, også i den regntunge årstida. Eit faktum er at mange av stiane og vegane våre er altfor dårleg fundamenterte. Eit slikt solid oppgraderingsarbeid er veldig krevjande, og det er avgjerande viktig med tilgang til gravemaskin med tilteskuffe. Den 20 år gamle maskinen vi har i dag er dessverre ikkje utstyrt med dette.

I tillegg til behovet for å utbetre bæreevna, er det svært viktig å få opparbeide og oppretthalde ein velfungerande og drenerande vegprofil. På den måten får vi sikre ei god avrenning under nedbørsrike periodar og vi kan sikre oss betre mot større og kostbare erosjons- og flaumskader.

Kantvegetasjonen og høgda på vegskuldrane utgjer også ei utfordring ved at dei i stor grad påvirkar avrennings- og dreneringsevna langs vegane.

Med det utstyret vi har hatt tilgjengeleg, har vi ikkje vore istand til å utføre denne type utbetningsarbeid på ein rasjonell og tilfredsstillande måte.

Dette året var tida inne for å prioritere oppgraderingsarbeidet for både Kristtornstien, Tverrgangen og stien gjennom Rhododendrondalen. Langs stien i Rhododendrondalen blei det også lagt ned 3 kryssande avløpsrøyv, og fleire store og nærgåande steinar blei reduserte eller fjerna.

Stien mellom plenane på oversida av Øvre Dam blei også rusta opp og preparert.

Ved Bøkefeltet blei vegen utvida med ein ekstra møteplass og forenklar parkeringaforholda her i det daglege arbeidet.

Også dette året har det blitt brukt ein god del tid på jamnleg oppfølgings- og oppreinskingsarbeid i grøfter, stikkrenner og røyr rundt omkring i heile Arboretområdet. Resultatet har ikkje uteblitt, og vi har på den måten sluppet unna større flaumskader. Eit avløpsrøyr mellom grøfta på oversida av Svingen og Fiskedammen hadde tetna til, og måtte stakast opp.

Det blei lagt ned eit par røyr lengder i grøfta langs nedre del av Fjellveien for å sikre ein lettare tilgang til det store plantefeltet på oversida her. På liknande måte blei det langs vestre del av Svingen lagt ned ei røyr lengd for å lette tilgangen til skogområdet på oversida.

Eit stadig tilbakevendande tema som vi blir minna om kvar sesong er behovet for oppgradering av store delar av plenområda våre. Standarden er dessverre slik at det varierende underlaget er ei stor utfordring og er belastande både for mannskap og maskinar. Dette er svært omfattande og ressurskrevjande anleggsarbeid. Her vil vi prøve å legge opp til ein strategi der vi må prioritere å utbetre dei aller verste delane, og oppnå ei gradvis betring felt for felt, år for år.

Dette året blei heile flata rundt det tidlegare jorddeponiet nedanfor Fossedammen jamna ut, preparert og tilsådd som plen. Langs vegen her blei det også opparbeida ein tiltrengt møteplass.

Liknande mindre prepareringarbeid blei gjort ved enden av Hyttestien, øvst i Parken og i området ved Aktivitetshuset.

Arbeidet med å fjerne gjenståande granstubbar i feltet for Norske treslag blei gjort ferdig dette året.

Rydding og hogst

Periodar med sterk vind førte på ny til vindfall og rotvelter i grenseområda og dei perifere delane av Arboretet. Dette ser ut til å inngå som eit mønster av tilbakevendande og årvisse hendingar, som ser ut til å treffe spesielt i månadane januar og desember.

Av ulike grunnar har det rundt omkring vore behov for å fjerne enkelttre eller mindre grupper av tre. I løpet av dette året blei det såleis hogde og fjerna varierende antal større tre i Rhododendrodalen, Baksmett, ved Grevlingeveien, ved Myrstien, ved Alléen, ved Lyngstien og ved grensa mot naboen i sør og fylkesvegen.

I nedre del av artssamlinga for Rhododendron blei det også hogde 12 større furutre for å opne meir opp for framtidige plantingar.

Mange av trea var store, så tilgang til vinsj og tømmervogn er avgjerande for oss i dette tungarbeidet.

Sibir- / sembrafurufeltet framstår ikkje spesielt triveleg, og nokre dårlege tre øvst i feltet blei fjerna.

Haust- og vinterstid har det blitt samla saman og rydda opp i mykje nedfall av kvist og smågreiner i ulike område.

I det gamle sitkagranfeltet ved Aktivitetshuset blei det fjerna store mengder med til dels kraftig lauvkratt.

I det tilgrensande området ved Statskog, blei det også gjort ein ekstra innsats for å fjerne alle plantene som ein kunne finne av raudhyll, for å unngå framtidig frøspreiing. Langs grensesona mot Myklabust blei det også kutta ned mange planter av raudhyll og platanlønn.

Det har også blitt rydda ein del lauvkratt og småtre i juletreffelta mellom Myklabustveien og Krokgangen. Likeeins har det blitt rydda lauvkratt i nedste del av Rhododendrodalen, i Prydkirsebærfeltet, i skråninga mellom Eikestien, Solstien og Alléen, ved grensa mot fylkesvegen, ved Vassvikveien, ved Øvre Damvei, ved Lauvstien / Vårstien, ved Lønnestien, ved Grevlingmyra, langs Myklabustveien, og i Gløersens Minne.

Det blei også utført ein del beskjærings- og oppstammingsarbeid ved Tangenten / Oremyra, ved Øvre Dam, Rhododendrodalen, ved Fjellveien, ved Maurstien / Utsikten, ved Fossedammen, ved Kjærlighetsstien, ved Grevlingveien og ved Nedre Damvei.

Flis og ved

Gran og furu utgjør hovudmengda av råstoffet til flislageret vårt. Det blir mykje nålemasse av slikt, men flisa gjer likevel si nytte som topplag på småstiane.

Med god hjelp frå lærar- og elevgjengen frå Gand vgs, fekk vi selt det meste av veden frå lageret, og vi slapp å måtte bruke ekstra ressursar på ei ekstra forlenging av vedlagringa.

Dette året blei det produsert 50 pallesekkar, som stod luftteg og godt lagra langsetter Harestubben.

Det er endeleg funne fram til eit greit produksjons- og lagringsopplegg for veden som fungerer tilfredsstillande.

Brannvern

Det blei ikkje gjennomført brannøving i Arboretet dette året.

Rørleidningsnettet som blei opparbeida i 1993, har eit strekk på 2.200 m. Dette kombinerte brann- og vatningsanlegget er fordelt på 3 traséar, og påkopla til 22 hydrantkummar. Anlegget krev naturlegvis sitt av jamnleg tilsyn og oppfølging. Det betyr m.a. utlufting, sjekking og reingjering, med ifylling utpå våren og full uttapping av anlegget i løpet av seinhausten før frosten set inn.

Kombinasjonen av sol og vind utover ettervinteren og våren, kan veldig raskt endre brannfaretrusselen. Trusselnivået kan endrast frå «ingen risiko» til ”stor risiko” i løpet av nokre få timar. I desse kritiske periodane kan ein liten sneip utløyse den store katastrofen. Etterlatne eingongsgrillar og bålrestar er også uønska element som uroar oss. Det viser seg å vere ei stor utfordring å få ein del folk til å skjønne kor stor risiko slikt aktivitet representerer.

BYGNINGAR OG ANLEGG

Tilsyn og vedlikehald med både Aktivitetshuset og Tømmerhytta er oppgåver som stadig melder seg ved jamnleg bruk gjennom året.

Vi er elles heldige som har fleksible og dyktige vaskehjelparar som sørger for eit godt reinhald, og som gjer sitt til at lokala framstår presentable for både leigetakarar og besøkande.

Det blei gjennom året utført ulike reparasjons- og vedlikehaldsoppgåver på dører, bord, lampar, lyssoklar, oppvaskemaskin m.m.

Alarmanlegget i Aktivitetshuset blei reparert, og det blei utført omkoplingsarbeid med telefonlinjene.

I februar sa den ni år gamle varmepumpa i Aktivitetshuset takk for seg, og ei ny måtte installerast. I den samanheng følgde det også med eit modifiseringsarbeid på utsida av huset.

Problemet med tette takrenneavløp rundt Aktivitetshuset nådde sitt klimaks utpå hausten. Arbeidet med å få på plass ei sikker og god løysing på dette problemet, viste seg å bli ganske omfattande. Det måtte gravast opp og leggest nye og lange røyrgater, i tillegg til nye avløp og små kummar. Pga. den store røyrdjupna her blei dette ein ekstra krevjande operasjon. Resultatet blei svært bra. I tillegg til å oppnå større kapasitet, kan vi på ein langt sikrare måte fange opp rennande overflatevatn utanfor huset. Samstundes med dette oppgraderingsarbeidet blei det preparert og påfylt ny grusmasse på området og gangstiane nedanfor Aktivitetshuset.

For å dempe på tilførselen av sand og grus innandørs, blei det lagt ei solid rist i strekkmetall framfor trappa til altanen ved Aktivitetshuset.

Jamnlege vassprøver av brønnen til Aktivitetshuset er også ein del av det som følgjer vedlikehaldsoppgåvene.

Lysoklane langsmed Grevlingveien viser seg å vere litt utsette og svake for brekkasje, og har blitt reparert etter slike skader.

I januar blei den nye flaggstonga på 12m montert på plass, dvs. 2m høgare enn den gamle.

Det er gledeleg å sjå at så mange besøkande har nytta seg av trim- og aktivitetsløypa «Klatreskogen». Slitasjen har vore merkbar, og det har krevd fortløpande tilsyn og vedlikehald.

Parkeringsautomatane blei dette året ombygde og tilpassa nye takstar, og ein ny antenne blei montert på den inste kameramasta. Systemet har elles krevd sitt i form av jamnleg tilsyn og vedlikehald.

Vha. overvakingskamera har vi klart å følgje opp med teljingar av bilane gjennom heile dette året.

Også dette året opplevde vi uvetting køyring og spinning med bil på P-plassane. V.h.a. kamera kan vi heldigvis lettare følgje opp med ein reaksjon på slik atferd.

I juni var Oseland på ein dags studietur til Helsingør for å gjere seg kjend med konseptet «Sundhed og livsmod». Dette er eit opplegg med bevisst bruk av tremateriale av robinia for bruksvennlege og miljøtilpassa trim- og leikeapparat.

Bil, maskinar og utstyr

Varebilen (VW Transporter 2007-mod.) blei levert til service og reparasjon hos Skurve Auto på Ålgård.

På traktorane (MF 362 1994-mod., NH TN75D 1999-mod.) blei det utført reparasjonar og verkstadservice. På førstnemnde blei det m.a. skifta vasspumpe, og på sistnemnde blei det i tillegg bytta batteri, reparert håndbrekk, bakruteoppheng og lesseapparat.

Plenklypparen (Ventrac 2006-mod.) har også dette året fått køyrt seg hardt på dei mange ujamne og røffe plenflatene våre. Utanom det som kunne forventast med denne hardkøyrd maskinen, slapp vi heldigvis unna med lite problem og reparasjonar dette året.

Det blei kjøpt inn ein hjulgåande Ariens graskuttar, som viste seg å vere eit godt supplement i det pågåande grasslåingsarbeidet. Det blei også kjøpt inn ein enkel plenklyppar m. oppsamlar.

Til verkstaden blei det kjøpt inn ein sagbladslipar.

Alt som trillar og går, krev sitt av jamnleg tilsyn og reparasjonar. Når problema oppstår midt i den mest intense vekstperioden, får driftsstansen raskt sine følgjer. Erfaringsvis dukkar det alltid opp situasjonar og behov som krev sine spesielle tiltak, ofte v.h.a. spesialtilpassa og improviserte løysningar. Då er det alltid godt å ha nevenyttige personar i staben.

På gravemaskinen (Hanix 1996-mod.) blei det skifta radiator, dieselfilter og glødepluggar, i tillegg til reparasjonar av startproblem.

På minitraktoren blei det skifta batteri (Kubota 1986-mod.).

Fliskuttaren (1995-mod.) har fungert bra gjennom endå eit år med mange driftstimar.

Ryddesagene fekk som vanleg køyrt seg hardt gjennom vekstsesongen. For å halde desse gåande så pass intensivt, krevde dei også sitt av fortløpande vedlikehald.

Det blei elles kjøpt inn reiskap, verktøy, verneutstyr og div. verkstadrekvisita etter behov.



KONTOR, ADMINISTRASJON OG ANDRE FAGLEGE OPPGÅVER

Dei fortløpande kontor- og administrasjonsoppgåvene er stadig mange og varierte, og blir i stor grad utført av vår kontoransvarlege.

Dagleg tilsyn og supplerande reingjering i Aktivitetshuset og Tømmerhytta i samband med utleige er også oppgåver som følgjer med denne stillinga.

I tillegg følgjer ansvarer for oppfølging av Arboretvennane, vaskehjelpene, oppfølging og utsending av styresaker, fortløpande budsjett- og rekneskapsoppfølging, fakturering, arkivering og utleige.

Vedlikehald og oppdatering av heimesida, fortløpande gjennomgang av kameralogg og fille- og moppevask er andre oppgåver som er knytta til den daglege drifta.

På kontoret var vi så heldige å få inn ein oppgradert printar, som følgde med den gunstige avtalen vi har med Canon.

Utfordringane er framleis store også innan det grøntfaglege kontorarbeidet. Vi har ikkje fått dekkja inn den halve stillinga som vi mista i 2012, og resultatet blir eit stadig større og tyngre etterslep. Det gjer seg m.a. utslag i manglande kapasitet ift. etikettering, generell planteoppfølging, katalogisering av fagbiblioteket, og anna fagleg oppfølgingsarbeid som m.a. har adresse til hagedatabasen.

Dette virkar også inn på vår evne og kapasitet til å kunne drive med oppformeiring og oppal av plantemateriale, som er nært knytta til vidareutvikling av plantesamlinga.

Fagbiblioteket blei dette året utvida med 174 nye titlar, og inneheldt totalt 2.320 titlar.

I samband med registrerings- og digitaliseringsarbeidet knytta til hagedatabasen IrisBG, har vi utført litt arbeid med oppføring og oversending av plantelister, i samarbeid med vår kontakt Hanne Hegre Grundt.

PLANAR OM NYBYGG

Behovet for meir plass til kontor, bibliotek, arkiv, lager, i tillegg til utstillings-, informasjons- og undervisningslokaler har vi kjent på i ei årrekke. Det finst også andre behov for tilbod som våre besøkande vil kunne ha både nytte og glede av. Dei økonomiske rammene for drift og utvikling har så langt hindra institusjonen i å kunne imøtekome desse behova.

Med dette som bakgrunn prøvde Styret å finne løysingar som skal kunne sikre Arboretet betre inntektsgrunnlag på lengre sikt.

Alt i 2007 kom tanken om eit kombinert bygg som skulle kunne romme aktivitetar som konferanse, administrasjon, undervisning og informasjon. Det blei involvert ein konsulent, og fleire arkitektforslag blei utarbeidde som grunnlag for planarbeidet vidare. Styret valde forslaget til Brandsberg-Dahls Arkitektkontor.

Det endelege godkjenningsvedtaket for den reviderte reguleringsplanen blei gjort 15.12.2015. Dette året har det gått med ein del tid for arkitekten med kvalitetssjekking, diverse tilpassningsarbeid med detaljering, revidering og korrigering av planteikningane som klargjering til ei komande anbudsutsending.

I regi av Sandnes Rotary Klubb, blei det planlagt, koordinert og lagt til rette for oppstarten av prosjekteringsarbeidet for framtidig offentleg tilkopling til både vatn, kloakk og fiberkabel.

DIVERSE

Juletrasalet held fram som før, i samarbeid med vår nabo Paul Kyllingstad. Han leiger området ved Driftsavdelinga til dette opplegget. Her blir det også laga til litt miljø rundt dette, med sal av julegraut og tilbehør dei siste laurdagane før jul.

Lions Club stod for sal av julegraut i kafeteriaen dei 2 siste søndagane før jul.

Utkøyringssalet av juletre i Arboretet sin regi, held fram som tidlegare år.

Arborettrimmen, som blir arrangert av Sandnes Idrettslag, er ein av dei faste årlege aktivitetane. Dette arrangementet gjekk av stabelen fordelt på 4 laurdagar, i perioden 15. oktober til 26. november. Ein ivrig gjeng med eldsjeler har med sin innsats gjort dette opplegget til ei positiv oppleving for deltakarane. Dette har etterkvart blitt ein godt innarbeida tradisjon for mange, og er ein flott måte å profilere Arboretet på. Arrangementet har blitt gjennomført i 38 år på rad. Deltakinga har vore rimeleg stabil og god.

Lions Club arrangerte det årlege rullestølløpet «Full Rulle» 8. mai. Det fine været skapte ei fin ramme rundt arrangementet. Oppslutninga var bra, med ca 70 glade og tilfredse deltakarar. Arrangementet har blitt gjennomført samanhengande i heile 26 år. Ansvarlege for opplegget var Jan Refsnes, Tore Idsøe og Asbjørn Sandaker.

Den lokale gruppa Visegaukene stod for den musikalske underhaldninga denne dagen.

Orienteringsgruppa i Sandnes IL arrangerte 24.05. Sprintløpet med den inste P-plassen som mål og samlingsplass.

Jærsoppen, Sør-Rogaland sitt lokallag av Norges sopp- og nyttevekstforbund, har sidan stiftinga i 1992 nytta Arboretet som base for det meste av aktivitetane sine. Både Aktivitetshuset og Tømmerhytta har vore i bruk til møte, foredrag og kurs, som er opne for alle interesserte.

Rogaland Fuchisialag arrangerte sin årlege utstilling på Stevneplassen 18. september. Dette blei starta opp i 2002, og har sidan blitt til ein fast tradisjon til glede for våre besøkande.

Rhodo Sør-Vest (Den norske Rhododendronforening, avdeling Sør-Vest), har sidan etableringa i 2009 hatt Arboretet som fast base for sine møte og aktivitetar.

Høyland og Siviland sokn arrangerte dette året friluftsgudsteneste ved Stevneplassen 12. juni.

Skeiane Janitsjar gleda dei besøkande søndag 5. juni med sin utekonsert ved Aktivitetshuset.

NAF gjennomførte også dette året refleksdemonstrasjonar for 1. og 2. klassingar ute ved parkeringsplassane. Dette opplegget gjekk av stabelen fordelt på fire kveldar i november.

Tidleg på året blei Arboretet brukt som øvingsområde for redningshundar.

Kvart år får vi ein del forespørslar frå ulike institusjonar i regionen om å kunne få køyre inn i Arboretet med minibussar. Desse kjem frå ulike kommunar i regionen. Vi synes det er spesielt kjekt at så pass mange grupper av menneske med ulike fysiske begrensingar får ein slik sjanse til å få med seg nokre oppmuntrande naturopplevingar i kvardagen.

Fleire DPS-grupper har også brukt området og leigd Tømmerhytta i sine opplegg, og gitt oss positive og gledelege tilbakemeldingar.

Arboretområdet blei aktivt brukt som kulisse og arena i samband med opptak til filmen «Quality Time» (Leader Films).

STIAR OG VEGAR

Alléen	270 m	Lønne stien	135 m
Asalveien	68 m	Madam-stier	155 m
Baksmett	120 m	Magnoliastien	109 m
Bekkefåret	60 m	Maurstien	140 m
Bergstien	296 m	Myklebustveien	210 m
Blåbærstien	202 m	Myrstien	259 m
David Vatnes vei	385 m	Mårstien	162 m
Eikestien	190 m	Nedre Damvei	213 m
Eikestubben	127 m	Nobelstien	100 m
Einerstien	120 m	Nålestien	80 m
Ekornstien	121 m	Olav Mois vei	176 m
Ertekroken	95 m	Parkveien	180 m
Eventyrveien	232 m	Poppelstien	45 m
Fjellveien	440 m	Revestien	210 m
Furustien	251 m	Rhododendronveien	165 m
Granstien	230 m	Rundgangen	694 m
Grevlingveien	616 m	Rådystien	235 m
Harestubben	105 m	Sandtakveien	135 m
Heggstien	132 m	Sigurd Aarsland-stien	498 m
Hemlokkstien	120 m	Solstien	580 m
Hyttestien	100 m	Stangebyestien	90 m
Kanalstien	78 m	Svingen	237 m
Kjærlighetsstien	125 m	Tangenten	40 m
Kristtornstien	210 m	Tjørnveien	175 m
Krokgangen	135 m	Tverrgangen	178 m
Langgangen	504 m	Uglestien	305 m
Lauvstien	66 m	Utsikten	305 m
Lerkestien	235 m	Vanngangen	80 m
Lyngstien	243 m	Via Bella	1200 m
Lønnekroken	185 m	Vårstien	111 m
		Øvre Damvei	280 m

Sum stiar og vegar 13 434 m

I tillegg finst det mange flislagde småstiar:

Rhododendron dalen 490 m, Skittjørn-området 258 m, Fiskedammen 50 m, Serbargranfeltet 196 m, Lønneåsen 280 m, ved Gløersens Minne 948 m, ved Svingen 348 m, stiane i området ved Granstien/Solstien 335 m, ved Utsikten 65 m, ved Øvre Dam/Magnolia hagen/Baksmett 264 m og Prydkirsebærfeltet 80 m. Dette betyr at det finst eit nettverk av stiar innanfor Arboretområdet på totalt 16 865 m.

Dette året blei det flislagt ein ny stitrasé på 145 m i området mellom Kristtornstien, Via Bella og Mårstien.

Innanfor det nyare tillagte området i nordvestre del av Arboretet, som grensar til Myklabust og Melshei, er det i tillegg fleire hundre meter med upreparerte småstiar og tråkk som ikkje er medrekna her.

STØTTE TIL ARBORETET

Lions Club har vore stabile og verdifulle støttespelarar gjennom mange år. Lions Club har samanhengande hatt ansvaret for kafédrifta i Arboretet heilt sidan 1990. Dette samarbeidet har utgjort ei særskild viktig støtte til den årlege drifta. Bidraget til Arboretet dette året var på heile 210.000 kr. I tillegg bekosta dei ei ny flaggstong utanfor Aktivitetshuset.

Sandnes Sparebanks Gavefond har tilgodesett Arboretet med 375.000 kr til gjennomføring av prosjekteringsarbeidet knytta til det planlagte infrastrukturprosjektet.

Else og Odd Isaksen har tilgodesett Arboretet ved å testamentere 100.000 kr til stiftelsen, pluss midler til innkjøp av ei stor og kostbar plante.

Brødrene Dahl AS har endå ein gong støtta Arboretet ved å levere oss gratis 3 lastebillass, for det meste med store og lange kvalitetsrøyr i stål.

Velde har heilt sidan 2004 støtta Arboretet med gratis leveranse av veggrus. Dette året har dei støtta oss med 245 tonn veggrus, som tilsvarar ein verdi på ca 32.000 kr.

Norsk Naturgjødsel as har kvart år sidan 1998 velvillig støtta oss med gratis gjødsel. Dette året kunne vi hente gratis 3.000 kg «Marilhøne Pluss» naturgjødsel.

Canon Business Center Stavanger har sidan 2012 støtta Arboretet ved å tilby tilnærma fri bruk av printer til utskrift og kopiering.

Skurve Auto AS støttar Arboretet ved å tilby oss ein gunstig serviceavtale på varebilane. Dei har også stilt opp med velvillig og rimeleg assistanse ved ulike reparasjonar på både bilar og maskinar.

Lysfix AS har støtta Arboretet ved å gje oss gratis 12 fine halvhøge lysmaster.

Ruddi Perriard, Danmark, har nok ein gong støtta Arboretet med å gje gratis 70 stk verdifulle og til dels store planter av Rhododendron til den vidare oppbygginga av artssamlinga.

I tillegg fekk vi også som gåve eit verdfullt bokverk om Rhododendron.

Fjogstad-Hus har også dette året støtta oppbygginga av artssamlinga av Rhododendron ved at dei stilte to store varebilar til disposisjon, og dekkja utgiftene med flytting og plantetransport frå Danmark.

Rhodo Sør-Vest stilte opp med 4 ivrige frivillige som gjorde sitt til at det gjekk bra med både flytting og transport av plantene frå Danmark.

Bertel O. Steen har støtta Arboretet ved å tilby fri leige på ein varebil for plantetransport frå Danmark.

Sandnes Rotary Klubb v/ John Sverre Frøyland har støtta Arboretet med planlegging, koordinering og tilrettelegging i samband med det store infrastrukturprosjektet. Prosjektet er planlagt med oppstart ved Sviland og skal følgje Svilandsholane opp til Arboretet. Hensikten med dette ambisiøse prosjektet er å få kople seg til det offentlege nettet for vatn, kloakk og fiberkabel.

Arve Garvik har hjulpet oss med diverse sveisearbeid og anna mekanisk arbeid.

Morten Oseland har også dette året velvillig lånt oss ein vinsj.

Sveinung Oseland har vore til god hjelp for oss med diverse datasupport.

Tore R. Nielsen har stått for både idéen, teksten og det meste av fotomaterialet til den nye fine serien av bordkort for bruk i kafeteriaen.

Einar Egeland har bidrege med foto- og layoutkompetanse i samband med trykking av den nye bordkortserien til kafeteriaen. I tillegg har han hjulpet oss med levering av fotomateriale til bruk på heimesida.

Bjørn Bråtveit har hjulpet oss med div. sveisearbeid.

Knud Lunde har overrekt Arboretet eit elegant handlaga stettbord. Dette fine spesialmøbelet er laga i materiale av apeskrekk.

BIDRAG TIL ARBORETFONDET 2016

Styret vil rette ein stor takk til alle trufaste Arboretvennar for innbetalte bidrag i 2016.

Ved utgangen av året hadde vi registrert 95 innbetalingar frå Arboretvennane. Det tilsvarar ein nedgang på 8 samanlikna med året før.

Takk til alle våre bidragsytarar for støtte i stort og smått!



Rhododendron fortunei

ÅRSBERETNING 2016

STIFTELSEN ROGALAND ARBORET

Virksomhetens art og hvor den drives

Stiftelsen Rogaland Arboret, som er et eget rettsobjekt, opprettet 07.03.1973, har til oppgave på et bestemt område i Høyland statsskog - leid av Statskog - å dyrke lignoser til vitenskapelig gransking, til undervisning samt å skape et parkmessig område til pryð og glede for allmennheten. Arboretet er lokalisert på Hspeland i Sandnes kommune.

Fortsatt drift

Forutsetningen om fortsatt drift er til stede, og årsregnskapet for 2016 er satt opp under denne forutsetningen.

Arbeidsmiljø

Selskapet har ikke hatt skader eller ulykker knyttet til selskapets ansatte eller driftsmateriell. Sykefraværet i 2016 var på til sammen 39 dager, som tilsvarer 1,5 % av totale arbeidstimer. Styret oppfatter den generelle trivselen på arbeidsplassen som god. Når det gjelder arbeidsmiljøet, er styret ikke fornøyd med de ansattes kontor og garderobefasiliteter. Styret har derfor igangsatt tiltak i form av nybygg hvor de ansattes forhold spesielt skal ivaretas. Dette arbeidet er krevende, men fortsetter selv om stiftelsen ikke disponerer de nødvendige midler.

Likestilling

Av selskapets ansatte er 5 menn og 1 kvinne.

Selskapet har som mål å være en arbeidsplass hvor det råder full likestilling mellom kvinner og menn. Selskapet har innarbeidet driften med sikte på at det ikke skal forekomme forskjellsbehandling grunnet kjønn.

Ytre miljø

Selskapets virksomhet forurenser kun i ubetydelig grad det ytre miljø og har således ikke iverksatt spesielle tiltak på dette området.

Selskapets utvikling, resultat og stilling


Stiftelsens resultatutvikling de siste årene har vist en økning. Tilskuddet fra bidragskommunene økte noe i 2016, som en følge av indeksregulering. Dette har likevel ikke gitt rom for å kunne ansette noen ny vitenskapelig medarbeider.

Stiftelsens likviditet er foreløpig tilfredsstillende. Egenkapitalandelen pr. 31.12.2016 var 89,8 %. Styret mener at årsregnskapet gir et rettvisende bilde av stiftelsens eiendeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Dato 31.12.2016 / 03.04.2017


I styret for Rogaland Arboret


Olav Folkvord
Styreleder


Siri Bryde Ringstad
Nestleder


Gudrun Kristensen


Evald Storaas Traa


Per Steinar Lothe


John Ilea


Odd Arild Kvaløy


John Ivar Lima
Driftsleder

Årsregnskap for 2016
ROGALAND ARBORET
Espelandveien 240, 4337 Sandnes
Org. nr. 870 920 342

Utarbeidet av:
teamregnskap
Vågsøt 41, 4306 Sandnes

Resultatregnskap


Rogaland Arboret

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2016	2015
Offentlige tilskudd		3 045 720	2 919 241
Salgsinntekt		138 871	136 596
Leieinntekter	3	407 878	483 649
Andre inntekter	3	588 936	562 478
Bidrag prosjekt	4	412 657	95 945
Sum driftsinntekter		4 594 061	4 197 909
Varekostnad		10 170	25 298
Lønnskostnad	5	2 858 462	2 846 137
Ordinære avskrivninger	1	80 378	80 378
Annen driftskostnad	6	906 012	965 831
Anvendt prosjekt	4	412 657	95 945
Sum driftskostnader		4 267 680	4 013 589
Driftsresultat		326 382	184 320
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		72 889	127 908
Rentekostnader		295	26
Resultat av finansposter		72 594	127 882
Årsresultat		398 976	312 202
Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital	7	398 976	312 202
Sum overføringer		398 976	312 202

Balanse

Rogaland Arboret

Eiendeler	Note	2016	2015
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Andre anlegg	9	2 056 444	1 687 884
Kunst		20 000	20 000
Transportmidler		60 209	111 459
Maskiner		51 591	62 527
Sum varige driftsmidler		2 188 244	1 881 870
Sum anleggsmidler	1	2 188 244	1 881 870
Omløpsmidler			
Lager av hefter		13 270	13 270
Fordringer			
Kundefordringer		117 313	68 098
Forskuddsbetalte kostnader		3 438	71 717
Sum fordringer		120 751	139 815
Bankinnskudd, kontanter o.l.	2	7 061 306	7 160 193
Sum omløpsmidler		7 195 327	7 313 277
Sum eiendeler		9 383 571	9 195 148



Balanse

Rogaland Arboret

Egenkapital og gjeld	Note	2016	2015
Egenkapital			
Grunnkapital		100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Testamentariske gaver	8	6 046 786	5 946 786
Sum egenkapital med selvpålagte restriksjoner		6 046 786	5 946 786
Annen egenkapital		2 277 089	1 878 113
Sum opptjent egenkapital		2 277 089	1 878 113
Sum egenkapital	7	8 423 875	7 924 899
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		237 871	155 421
Skyldig offentlige avgifter		205 920	205 164
Forskudd leier		14 000	0
Ikke benyttet prosjekt	4	242 129	654 786
Annen kortsiktig gjeld		259 776	254 877
Sum kortsiktig gjeld		959 696	1 270 248
Sum gjeld		959 696	1 270 248
Sum egenkapital og gjeld		9 383 571	9 195 148

Espeland, Sandnes, 03.04.2017
Styret i Rogaland Arboret


Olav Folkvord
styreleder


Siri Brynø Ringstad
nestleder


Gudrun Kristensen
styremedlem


Ewald Storaas Traa
styremedlem


Per Steinar Lothe
styremedlem


John Lea
styremedlem


Odd Arild Kvaløy
styremedlem


John Ivar Lima
driftsleder

Rogaland Arboret

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

a) Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet. Ved salg av varer er dette leveringstidspunktet. Tilsvarende for tjenester skjer inntektsføring etterhvert som de leveres. Kostnader medtas etter sammensstillingsprinsippet, dvs. at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

b) Omløpsmidler/Kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi.

c) Anleggsmidler/Langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

d) Varer

Varer er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

e) Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Note 1. VARIGE DRIFTSMIDLER	TRANSPORTM.	MASK.	ANLEGG	SUM
Anskaffelseskost pr 01.01.	275 000	209 364	2 668 710	3 153 074
Tilgang i året		-	386 752	386 752
Anskaffelseskost pr 31.12	275 000	209 364	3 055 461	3 539 825
Akkumulerte avskrivninger 31.12	214 791	57 773	979 017	1 251 581
Akkumulerte nedskrivninger/bidrag		100 000		100 000
Sum avskrivninger 31.12	214 791	157 773	979 017	1 351 581
Bokført verdi 31.12	60 209	51 591	2 076 444	2 188 244

Årets ordinære avskrivninger	51 250	10 936	18 192	80 378
Prosentstans	4-7 år	10 år	0-25 år	

OVERSIKT OVER TIDLIGERE INVESTERINGER

	Anskaff . år	Kostpris
Aktivitetshus	1 989	964 225
Garasje	1 992	232 438
Traktor	1 994	233 767
Brannsløkningsanlegg	1993-1994	837 171
Minigravemaskin	1 995	250 000
Tømmervogn	2 005	64 000
I ALT		2 581 601

Alle tidligere investeringer er utgiftsført i regnskapet. Verdien av dugnadsarbeid og arbeid ved egne ansatte er ikke tatt med.

Note 2. BANKINNSKUDD

Av bankinnskudd er kr. 92.127,- satt inn på bundet konto til dekning av skattetrekk.

Note 3. LEIEINNETEKTER / ANDRE INNETEKTER

Leieinntekter:	2 016	2 015
Leieinntekter lokaler	197 878	243 649
Bidrag Lions Club - kafeteria	210 000	240 000
SUM LEIEINNETEKTER	407 878	483 649
Andre inntekter:	2 016	2 015
Bidrag Arboretfondet	0	33 167
Andre bidragsytere	13 748	250
Bidrag besøkende	575 188	529 061
Diverse inntekter	0	0
SUM ANDRE INNETEKTER	588 936	562 478

Note 4. BIDRAG PROSJEKT/ØREMERKEDE GAVER

Inntekter:	2 016	2 015
Tilskudd info prosjekt	0	25 000
Tilskudd infra prosjekt	0	375 000
SUM BIDRAG PROSJEKT	0	400 000

Anvendelse av prosjektmidler:		
Parkeringsautomat - balanseført se note 1	0	0
Kostnader info-prosjekt	52 589	95 945
Kostnader infrastruktur-prosjekt	360 068	
SUM ANVENDT	412 657	95 945

UBENYTTET BIDRAG; OVERFØRES TIL NESTE ÅR 412 657 -304 055

I tillegg til bokført verdi av "anvendt prosjekt" har de ansatte og frivillige lagt ned betydelig innsats i prosjekter

Balanseført verdi av ubenyttet prosjekt pr 01.01.	654 786	350 731
Årets overføring av ubenyttede midler	-412 657	304 055
SUM UBENYTTETE PROSJEKTMIDLER PR 31.12.	242 129	654 786

Note 5. LØNNSKOSTNADER

	2 016	2 015
Lønn	2 340 993	2 294 735
Godtgjørelse fagutvalg	4 900	4 800
Arbeidsgiveravgift	350 016	346 230
Otp	132 246	150 470
Andre personalkosn.	30 307	49 902
SUM LØNNSKOSTNADER	2 858 462	2 846 137
Lønn og annen godtgjørelse til daglig leder	499 495	489 671
Gjennomsnittlig antall årsverk	5,6	5,5

Note 8. REVISJONSHONORAR

	2 016	2 015
Revisjonshonorar	25 620	20 493
Bistand fra revisor	1 830	4 000
SUM REVISJONSHONORAR	27 450	24 493

Beløpene er delvis inkl. mva

Note 7. GRUNNKAPITAL/EGENKAPITAL

	Grunnkapital	Test.gaver m/selvpål.rest.	Annen Egenkapital	Sum
Egenkapital pr 01.01.	100 000	5 946 786	1 878 113	7 924 899
Årets resultat		100 000	398 976	498 976
Egenkapital pr 31.12.	100 000	6 046 786	2 277 089	8 423 875

Note 8. TESTAMENTARISKE GAVER

Ved testamentariske gaver hvor giver ikke har påtenkt et særlig formål har styret besluttet at slike gaver skal benyttes til investeringer av varig verdi til nytte for Rogaland Arboret.

Mottatt i 2016 kr 100.000,- i testamentariske gaver.

Note 9. ANDRE ANLEGG

Posten "Andre anlegg" i balansen består av:

	2 016	2 015
Aktiverte prosjekteringskostnader "Nybygg"	1 611 567	1 224 815
Garasje	172 649	190 841
Anlegg Rogaland Arboret	272 228	272 228
SUM ANDRE ANLEGG	2 056 444	1 687 884

Prosjekt "Nybygg" startet opp i 2007/2008 og er fremdeles på planleggingstadiet. Alle kostnader er derfor aktivert/balansført og vil inngå i anskaffelseskost. Avskrivninger vil påløpe fra ferdigstillelse.



Fossedammen

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Rogaland Arboret sitt årsregnskap som viser et overskudd på kr 398 976. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

